

Hei,

Etter ei rask gjennomgang av dokumenta finn eg eit par manglar.

Som eg skreiv i e-post til deg har kommunen motteke erklæring av ansvarsrett for uavhengig kontroll for sprenging av Entreprenør Bjørn Dale. Som nemnt er dette ei sak etter 1985 loven. Dette inneber at det må sendast inn «søknad om ansvarsrett» etter det gamle regelverket, jf. pbl. §34-3 fjerde ledd. Det må og sendast inn kontrollmelding for det ansvarsområde. Kommunen har berre motteke erklæring av ansvarsrett frå Bjørn Dale (etter nytt regelverk). Denne kan ikkje nyttas i saka.

Alle områda må vere underlagt ansvar og dykk må da søka om endra ansvarsrett til eit føretak som kan ta på seg ansvar for stikningsarbeida. Det må ligg føre ny søknad om ansvarsrett og kontrollerklæring for stikningsarbeida dersom dykk ikkje kan få kontrollmelding frå noverande ansvarleg føretak.

Med helsing

Silje Haukedal  
Seniorrådgjevar tilsyn / Jurist

**Radøy kommune**

Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Tlf.dir: 56 34 90 82

E-post: [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no)

